



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2409 - 21/86565

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@alver.kommune.no

Dato:

22.12.2021

## Oppmoding om oppheving av motsegn - Nappevika småbåtanlegg - planID 1263-201505

I mars 2017 vart det kunngjort 1. gangs offentlig ettersyn og høyring av reguleringsplanframlegget for Nappevika småbåtanlegg, med planID 1263-201505. Statsforvaltaren fremja samordna uttale med motsegn, datert 20.09.2017.

Hovudbakgrunnen for motsegna at planframlegget var i strid med den då gjeldande overordna planen, kommuneplanen sin arealdel 2011-2021 for Lindås kommune, og at det i den urealiserte naboreguleringsplanen – Nappane, eit område for fritidsbustader med tilhøyrande anlegg, med planID 1263-19012007 – allereie var regulert ei småbåthamn. Statsforvaltaren var kritisk til ytterlegare utbygging i strandsona i dette området.

Planarbeidet for Nappevika småbåtanlegg vart dermed sett på pause medan ny arealdel for kommuneplanen vart utarbeidd. Samstundes starta kommunen prosess for oppheving av reguleringsplanen for Nappane. Ein rakk ikkje å fullføre opphevingsprosessen før den nye kommuneplanen sin arealdel 2019-2031, med planID 1263-201805, vart vedteke hausten 2019. Etter kommunesamanslåinga til Alver i 2020, har denne planen no status som kommunedelplan for Lindås. I føresegnene til denne planen, § 2.2.3, tabell 1, er det sett krav om vedtak om oppheving av reguleringsplanen for Nappane før det kan verte vedteke detaljplan for område BAB 3, som gjeld småbåtanlegg i Nappevika på gbnr 129/4.

28.10.2021 vart reguleringsplanen for Nappane vedteke oppheva. Klagefristen gjekk ut 15.12.2021. Det har ikkje kome inn klagar. Dermed er reguleringsplanen for Nappane formelt oppheva. Opphevingsvedtaket og dei oppheva plandokumenta er lagt ved. Kommunedelplanen for Lindås finn de ved å trykke på [føresegner](#) og [plankart](#).

Vi ønskjer no å gå vidare med planarbeidet for Nappevika småbåtanlegg, og ber om at Statsforvaltaren opphevar motsegna for Nappevika småbåtanlegg.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Med helsing  
Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kristin Nielsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

2. gangs handsaming - Oppheving av reguleringsplan for Nappane - gbnr 129/5 - planID 1263-19012007  
Føresegner Nappane  
Plankart Nappane  
Planskildring - NB! Ikkje oppdatert i tråd med vedtøken plan

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland  
Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER